

Ex.phil. – eit reformforslag

Det har alltid stått strid om examen philosophicum (eller ex.phil.) som obligatorisk prøve ved norske universitet. I dag er tidsramma skoren ned til smertegrensa, samtidig som prøvene ligg føre i ulike variantar ved dei forskjellige institusjonar. Spørsmåla er derfor presserande: Kva er poenget? Kva bør emnet vere? Og korleis bør det gjerast? I dette essayet skisserer Skirbekk eit reformforslag for eit oppdatert og allmenndannande ex.phil.

Examen philosophicum har ein lang tradisjon i norsk universitetsliv, frå etableringa av Det kongelige Fredriks og fram til i dag. Ordninga har overlevd mange reformer, og framstår i dag som obligatorisk opplegg, særleg ved dei tradisjonelle universitet, og som valfritt innslag ved mange høgskular.

Det at ordninga har vist seg å vere så levedyktig, og så omstillingsdyktig, heng truleg saman med at ex.phil. alltid har vori gjenstand for kritisk drøfting, samtidig som ordninga har hatt ei fast institusjonell og personalmessig forankring ved dei ulike institutt for filosofi. (Då det i si tid vart gjort vedtak på sentralt hald om etablering av ”allmennfag” ved distriktshøgskulane, vart det ikkje oppretta institusjonar og tilsett personar med dette som arbeidsoppgåve – ordninga skulle integrerast i pågåande undervisning – og etter kort tid hadde i realiteten heile ordninga forvitra.)

Gjennom mange år var det ein klar styrke for ex.phil. at fleirtalet av studentane slutta opp om ordninga, som obligatorisk opplegg. Og det var statistisk belegg for at oppslutninga auka utover i kurset.

Men då universiteta for alvor vart masseinstitusjonar, kom ex.phil. under sterkt press: Strykeprosenten vart høg. Då ein samtidig bestemte at ein stor del av finansieringa skulle følgje studenten, auka presset. På toppen av dette kom vedtaket om ei generell nedkutting av studietida til lågare grad. Ex.phil. overlevde, men vart redusert til eit tredjedels semester. Ein supplerande tredjedel vart avsett til fagrelaterte innføringskurs, under namnet ex.fac. Som mottiltak vart det samtidig gjennomført pedagogiske endringar der det m.a. vart lagt større vekt på oppfølging og eigenaktivitet i grupper. Men særleg på grunn av det breie rekrutteringsgrunnlaget og dei korte tidsrammene har ex.phil. etter kvart nærma seg ei smertegrense.

Derfor er spørsmålet om ex.phil. stadig presserande: Kva er poenget? Og korleis bør opplegget vere? Tradisjonelt har det inngått tre element i svaret, som forsvar for eit obligatorisk examen philosophicum: ex.phil. skal *førebu for eit studium* med forskingsbasert undervisning, ex.phil. skal gje opplæring i *kritisk tenking og sakleg diskusjon*, og ex.phil. skal gje ei *åndshistorisk danning*. Desse tre målsetjingane blir vektlagt noko ulikt i ulike samanhengar og av ulike personar, men dei har alltid inngått i drøftingane omkring ex.phil. Her kan vi samanfatte desse tre poenga med å framheve at ex.phil. skal vere *dannande*: Ex.phil. skal fostre ei filosofisk danning som er verdifull for den enkelte student *som studerande, som samfunnsborgar, og som menneske*.

Målsetjinga er ikkje å gje ei opplæring i faget filosofi med tanke på å gjere studentane til fagfilosofar. Målsetjinga er å formidle innsikter og utvikle evner som er verdifulle for alle studentar, under studiet og etter studiet, anten det er som forskar, yrkesutøvar eller samfunnsborgar i eit moderne vitskapsbasert samfunn.

I dag er det slik at det pedagogiske opplegget varierer noko frå institusjon til institusjon. Men ex.phil. har gjennomgåande som målsetjing å formidle ei filosofisk danning, med oppøving i kritisk tenking, på eit filosofihistorisk grunnlag.

Her skal vi ikkje gå inn på dei ulike variantane, men skissere eit svar på spørsmålet om kva ex.phil. kan og bør vere i dagens situasjon.

Filosofisk allmenndanning, ikkje opplæring i fagfilosofi

Innleiingsvis kan vi seie det slik: Dei som går til filosofien av personleg, eksistensiell interesse, har ein eigen agenda som ikkje utan vidare kan (eller bør) møtast med allmenne undervisningsopplegg, med pensa og prøver. Dei som går til filosofien for å bli fagfilosofar, innanfor eit eller anna spesialfelt, vil ha sine spesielle behov som heller ikkje kan møtast med eit obligatorisk opplegg i filosofisk allmenndanning av det slaget det her er tale om. Den målgruppa vi har for auget, er studentar ved høgare utdanningsinstitusjonar i moderne samfunn, ferske studentar med eit behov for ei grunnleggjande filosofisk allmenndanning, tilpassa deira situasjon.

To forhold ved moderne samfunn bør framhevast i denne samanhengen:

- (1) Studentar ved akademiske institusjonar møter moderne forskning i form av eit *mangfald* av fag og disiplinær. Moderne vitskap, som på eit universitet,

opptrer som eit differensiert mangfald. Det å kunne forhalde seg til dette mangfaldet av fag og disiplin er derfor ei viktig utfordring for unge studentar. Ei grunnleggjande *vitskapsfilosofisk* skolering er derfor ønskjeleg, for alle studentar.

- (2) Dessutan, dagens unge lever i moderne kunnskapsbaserte samfunn som samtidig er prega av *ulike kulturar, religionar og livssyn*. Ei grunnleggjande skolering i *filosofiske føresetnader* for ulike grunnsyn er derfor ønskjeleg, for alle studentar.

Denne situasjonen, med både fagmangfald og kulturmangfald, reiser ei rekkje filosofisk relaterte spørsmål:

- (1) Kunnskap er av mangt slag, dels personleg og erfaringsbasert, og dels forskingsbasert og med krav om allmenn gyldigheit. Når vi omtalar moderne samfunn som kunnskapssamfunn, er det primært kunnskap basert på vitskapleg forskning vi har i tankane:

I moderne samfunn er *vitskapleg forskning* eit avgjerande *grunnlag* for mange viktige kunnskapsformer, frå ulike former for teknologisk *know-how* til kunnskap om samfunnsorganisering og historiske hendingar. Samtidig opptrer vitskapleg forskning som eit *mangfald*; vitskapen opptrer i form av ulike vitskapar. Vitskapleg forskning er differensierte i ulike disiplin og underdisiplin, som kvar og ein ”siktar” kunnskapen ut frå sine omgrep og metodar. Kort sagt, vitskapane er *perspektivistiske*. Derfor er det viktig å skilje mellom modell og realitet – og det gjeld ikkje berre for naturvitskaplege fag, men også for fag som statsvitskap og økonomi, eller historie og litteraturvitskap. Og derfor er det fare for at visse vitskapar kan få ein altfor dominerande posisjon, til fortrengsel for andre vitskapar som kan gje alternative innsikter i dei sakene det gjeld. For å tileigne seg vitskapsbasert kunnskap krevst det derfor ei evne til å reflektere over kva dei ulike disiplinane kan yte og ikkje kan yte, i forhold til kvarandre og i forhold til erfaringane frå dagleglivet.

Vidare er vitskaplege resultat prinsipielt feilbarlege, slik at vi må ta innover oss at dei ulike former for perspektivistisk kunnskap dessutan er *usikre*.

Vi bør leggje til at vitskapleg kunnskap likevel kan vere *meir eller mindre* velgrunna, og dermed meir eller mindre sikker. Såleis har vi diskusjonane om kva som vitskapleg sett er *god og dårleg forskning*, og i forlenging av dette: om grensene mellom vitskap og vås (t.d. mellom astronomi og astrologi). Kritiske diskusjonar av dette slaget er viktige også fordi forskning kan påverkast av eksterne interesser og krefter, eventuelt bak ryggen på forskarane

sjølve. Fagkritikk er derfor viktig. Målet er *kvalitativt god* forskning, på vitenskaplege premisser. Vitenskapleg forskning er i sin natur noko *normativt*.

Alt i alt tyder dette at vitenskapleg forskning i moderne samfunn framstår som perspektivistisk og feilbarleg, men likevel som forpliktande overfor gode grunnar og god forskning – kort sagt, vitenskapleg forskning bør korskje omfattast som einvis dogmatikk eller allmenn relativisme, men som sjølvkritisk og prøvande kunnskapstileigning (som ”organisert skeptisisme”, jf Robert Merton).

Dette er poeng med klar adresse til eit opplegg som tar sikte på å gje unge studentar ei førebunde danning. Og dette er poeng som reiser spørsmål om korvidt den noverande oppdelinga i ex.phil. og ex.fac er gunstig, ettersom det vi har sagt, har klare implikasjonar både for ex.phil. og ex.fac.

(2) Det moderne samfunn, med vitenskapsbasert kunnskapsutvikling og teknologi, har gitt opphav til mange politiske og moralske utfordringar. Til dei meir spektakulære høyrer utfordringar av økologisk art. Men det er her tale om ei rekkje med praktiske utfordringar. Dermed er vi inne i *normative problemstillingar* som på avgjerande vis er filosofiske, både med tanke på begrepsavklaring og normativ grunngeving.

I moderne samfunn møter vi dessutan eit mangfald av kulturelle og religiøse overtydingar og tradisjonar. Mange av desse er tilpassa dei institusjonelle, kulturelle og vitenskaplege føresetnadene for moderne samfunn, men somme av dei kan trenge intellektuell og institusjonell modernisering i følgjande tyding:

(i) I moderne vitenskapsbaserte samfunn må vi anerkjenne vitenskapleg kunnskap, på ein kritisk måte i samsvar med at vitenskap er ”organisert skeptisisme”, og vi må tileigne oss ei diskursiv og refleksiv holdning, slik at vi er opne for å respektere og søkje det betre argument og for å anerkjenne dei andre som (potensielt) myndige personar.

(ii) I moderne pluralistiske samfunn må ein ta innover seg at eins eiga tru er éi mellom mange, og at ein ikkje i vitenskapleg forstand kan ”vite” at ein sjølv har rett. Vi må slik tileigne oss ein refleksiv identitet.

(iii) I moderne samfunn må vi erkjenne at gyldige rettslege grunnar, ved lovgjeving og dom, i prinsippet må vere forståelege for alle, uavhengig av tru og livssyn. Utslagsgevande politiske grunnar må i denne forstand vere religions- og livssynsneutrale. Dermed må vi godta eit institusjonelt skilje mellom religion og rettsvesen.

Danningsgrunnlaget for unge studentar må derfor omfatte ei innføring i diskusjonane om kva som kan seiast å karakterisere eit moderne samfunn. Her inngår vitskapsfilosofi, men også moralfilosofi og politisk filosofi, forutan vestleg filosofihistorie som på mange måtar utgjer ryggrada i desse diskusjonane.

Dermed har vi spørsmålet om korvidt vestleg filosofi og vitskap, og tilhøyrande institusjonelle differensieringar (t.d. mellom religion og rettsvesen) er ”berre vestlege”, og dermed ikkje allmenngyldige. Dette er *normative* problemstillingar som ikkje kan besvarast empirisk (heller ikkje ved empirisk orientert religionsvitskap) og ikkje ved forkynnande teologi, men berre i samspelet mellom filosofisk refleksjon og offentleg og opplyst drøfting blant personar som i tilstrekkeleg grad er myndige og kulturelt moderne.

Skulle det ikkje finnast kontekstoverskridande normer og fornuft, ville vi uunngåeleg befinne oss i ein situasjon prega av det Max Weber kalla ”kampen mellom gudar”.

Dette er påtrengande problemstillingar, og det er problemstillingar der vi ikkje kjem unna filosofisk problembehandling når det gjeld begrepsavklaring, føresetnadsanalyse og spørsmål om normativ grunngeving. I så måte har vi også her eit positivt svar på spørsmålet om poenget med ei allmenn filosofisk utdanning for unge studentar i moderne samfunn, prega både av vitskapleg tenking og kulturelle motsetningar.

Mangfaldet av ulike tradisjonar og religionar aktualiserer såleis spørsmålet om kva som er allmenngyldig og gangbart i moderne, institusjonelt differensierte og vitskapsbaserte samfunn, der vitskapleg fornuft på same tid opptreer som forpliktande og som ”organisert skeptisisme”. Dermed får vi spørsmålet om behovet for kulturell modernisering og for religionskritikk (i Kants forstand av kritisk lutring, ikkje som negativ avvising), ikkje berre overfor ”dei andre”, men også for ”oss”. Nettopp derfor høyrer desse problemstillingane og drøftingane heime i eit oppdatert ex.phil.-opplegg, med den målsetjing å vere dannande for alle ferske studentar ved høgare undervisningsinstitusjonar.

Framlegg til eit oppdatert og allmenndannande ex.phil.

Vi samlar trådane, med tanke på korleis eit oppdatert opplegg for ex.phil. bør sjå ut: Vi tok utgangspunkt i felles, grunnleggjande orienteringsbehov for yngre menneske i moderne samfunn, samfunn som er vitskapsbaserte og pluralistiske. Med dette utgangspunktet peika vi på behovet for *vitskapsfilosofi* og for *normativ filosofisk drøfting* der *moralfilosofi* og *politisk*

filosofi inngår, forutan *filosofihistorisk belysning* av ulike grunnoppfatningar av det som karakteriserer *moderniseringsprosessane* – dette som bidrag til ei *allmenn filosofisk danning* av unge studentar.

Men dette er vanskelege saker. Derfor er det nødvendig å seie meir om korleis slike problem skal kunne inngå i eit allment opplegg til ex.phil.

Innanfor filosofien rår det jo ulike syn på mange av desse spørsmåla, for eksempel på korleis kunnskap, moral og religion kan og bør oppfattast, og på korleis vi best skal forstå kva mennesket og samfunnet er og bør vere. Innanfor kunnskapsteorien har vi, for eksempel, ikkje berre sofistane versus Sokrates/Platon og Aristoteles, men også diskusjonane mellom rasjonalistar, empiristar og tilhengarar av Kant, samt pragmatiske oppfatningar av forskjellig slag, osb. Og tilsvarande for moralfilosofi. Etc. Dette inneber at det er nødvendig å kjenne til *eit visst repertoar av posisjonar og argumentasjonsformer* dersom ein vil arbeide filosofisk. Kort sagt, filosofisk fordjuping i éin tenkjemåte krev kjennskap til alternative tenkjemåtar (om ”det same”). Filosofi og filosofiens historie står såleis i eit indre forhold til kvarandre. I praksis betyr dette at vi ikkje kjem unna ei viss innføring i filosofiens historie. Derfor bør eit ex.phil.-opplegg ha *eit filosofihistorisk tilsnitt*.

Men filosofihistorie kan vere så mangt. Det det her er behov for, er ei *argumentativ og aktualiserande filosofihistorie*, med fokus på viktige *diskusjonssamanhengar*, slik som dei vi nyss nemnde.

I ei slik diskusjonsorientert filosofihistorie er det naturleg å fokusere på *spørsmålsstillingane*, og dermed også på *bakgrunnen og føresetnadene* for desse problemstillingar, og ikkje gå direkte på *svara*. Mellom spørsmål og svar har vi *argument* av ulike slag. Og endeleg har vi *implikasjonane* av det heile. I ei diskursorientert framstilling vil alle fire element inngå og gjensidig kast lys over kvarandre: *spørsmål, argument, svar* og *implikasjon*. Isolert sett kan svaret av og til vere det minst interessante! (Som kjent, dersom Thales har sagt at ”alt er vatn”, så er dette isolert sett eit nokså meningslaust ”svar”; men det er både meningsfullt og spennande dersom vi ser det i lys av det som kan vori underliggjande problemstillingar og argument, og framfor alt med tanke på implikasjonane.)

Kva så med *tekstutval frå originallitteraturen*? Det bør med, for å la dei omtalte filosofane sjølve få komme til orde, med sin stil og ”temperatur” (ånd) – men ved eit utval, og eit omfang, som alle unge studentar kan ha eit rimeleg utbyte av.

Her rører vi ved spørsmålet om kor filosofien eigentleg ”er å finne” (filosofiens *topos*/"stad"): Er filosofien eigentleg å finne i ein kort klassisk tekst? Eller i eit klassisk verk? Eller i eit heilt forfattarskap? Eller finst filosofien eigenleg i ulike diskusjonssamanhengar,

slik som dei mellom sofistane og Sokrates, eller mellom empiristar og rasjonalistar? Og bør i så fall desse diskusjonssamanhengane bli sett i lys av viktige historiske konstellasjonar (slik som demokratiet i Athen, eller dei forutgåande motsetningane mellom ulike naturfilosofiske teoriar; eller etableringa av den klassiske mekanikk i renessansen)? Dersom vi svarar bekræftande på dei siste spørsmåla, betyr det at vi bør ha ei filosofihistorisk framstilling der *diskusjonssamanhengane*, og *deira åndshistoriske situering*, får komme til orde.

Ei diskusjonsorientert filosofihistorie vil såleis kunne gje ei argumentativ og aktualiserande framstilling på ein måte som kan vere *meir allmenndannande* enn eit einseitig fokus på få utvalde filosofar og deira tanke-system, eller eit einseitig fokus på omfattande og vanskelege originaltekstar, eller eit einseitig fokus på studentorienterte diskusjonar ut frå aktuelle problemstillingar (utan forutgåande opplæring i korleis større ånder har tenkt om den slags problem). Kort sagt, her er det tre ”fallgruver” som vi bør unngå: (i) Idéhistoriske opplegg av det omfattande slaget som gir inntrykk av å femne om ”alt”. Det bør vi unngå simpelthen fordi det er illusorisk. (ii) Studentbaserte opplegg som gir inntrykk av at studentane kan utvikle all relevant filosofisk innsikt ved eigenaktivitet, utan opplæring i det andre har tenkt. Også dette bør vi unngå, fordi det er illusorisk. (iii) Fokuserte faglege opplegg på ein eller eit lite fåtal med filosofar, eller filosofiske originalverk. Dette er opplegg for utdanning av fagfilosofar, og derfor bør vi unngå slike opplegg til ex.phil. der målsetjinga er filosofisk danning av alle studentar.

Vidare kan vi spørje, for å følgje opp spørsmålet om kor filosofien ”er å finne”: Finst filosofien primært i *skrift eller tale*? Eller både-og? (Jf Platons 7. brev der den store skribent uttalar seg skeptisk om det skrivne ord, og jf Descartes som meinte at han ikkje hadde lært stort av å studere skriftene åt tidlegare filosofar.) Det kan her argumenterast for at filosofi er ein *praksis*, der samtalen – dialogen menneske og menneske imellom – står sentralt. Og dette poenget har implikasjonar for spørsmålet om korleis det pedagogiske opplegget bør vere:

Det kan såleis vere grunn til å tale om ei ”pedagogisk pakke”. I ei slik pakke bør det inngå at studentane sjølve er aktivt med i diskusjon med utgangspunkt i viktige problemstillingar (av filosofisk, vitkapsfilosofisk, moralfilosofisk eller modernitetsteoretisk art) som dei sjølve opplever som interessante. Men dette grepet, med diskusjon under rettleiing, bør supplerast med skrivetrening under rettleiing. Og det må supplerast med lesing av ei høveleg filosofihistorie og av utvalde originaltekstar, og av førelesingar som maktar å strukturere og inspirere.

Ei slik pedagogiske pakke kan sikre mot faren for ei eindimensjonal læring, slik det blir dersom ein diskuterer ut frå egne preferansar utan å komme utover egne føresetnader, eller dersom ein blir ”frelst” på ein eller annan klassikar (anten det er Lenin, Platon eller Foucault). Sjølvkritisk refleksjon er filosofisk nødvendig, og derfor bør ein kjenne til eit visst repertoar av diskusjonssamanhengar med relevans for dei spørsmål ein er interessert i. Til dette trengst det m.a. perspektiverande og motiverande førelesingar (”det levande ord”) så vel som aktualiserande og argumentative filosofihistoriske framstillingar i skriftleg form. Dessutan vil ei innføring i filosofihistorie vere ei avgjerande motvekt mot einseitig opplæring.

Det bør tilføyast at ex.phil. ikkje berre skal hjelpe studenten under studiet, men også vere ein ressurs og eit dannelsingsgrunnlag som ein kan ha nytte og glede av seinare i livet – både som yrkesutøvar, samfunnsborgar og enkeltindivid. I den samanhengen representerer ei ”filosofisk filosofihistorie” ein viktig ressurs – ikkje ved at studenten gjennom ei slik framstilling lærer ”alt”, men ved at ei slik lærebok gir ei grunnleggjande orientering som gjer ein i stand til å søkje vidare på eigahand og til å sondre mellom det som er vesentleg og uvesentleg.

For å konkludere: I vår samanheng, der vi tar sikte på ei allmenn filosofisk utdanning for unge menneske i eit moderne samfunn, er det grunn til å framheve verdien av å ha fokus på eit visst repertoar av historisk situerte diskusjonssamanhengar, det vil seie eit filosofihistorisk grep, både i skrift og tale – supplert med originallitteratur i utval. Samtidig er det grunn til å framheve verdien av ei pedagogisk pakke med fleire element: studentane bør kunne lese, og skrive, og tale, og lytte – alt dette, som ein pågåande læringsprosess. (Tenk på situasjonar der folk stort sett berre gjer det eine av desse fire ting. Berre les, utan å skrive, tale eller lytte; eller berre skriv, utan å lese, tale eller lytte; eller berre talar, utan å lese, skrive eller lytte; eller berre lyttar, utan å lese, skrive eller tale! I sanning, eit intellektuelt skrekkabinett – og endå kan vel dei fleste av oss dra kjensel på slike tendensar, frå det verkelege liv.)

I tillegg til ei filosofihistorisk framstilling og eit kresent utval originallitteratur bør det i eit slikt opplegg (der spørsmålet om kva som karakteriserer moderne samfunn også inngår) dessutan vere oppdaterte (gjensidig integrerte) opplegg i vitkapsfilosofi og i moralfilosofi og politisk filosofi.

Det siste punktet stiller *spesielle krav til lærarane*: Det krevst meir enn allmenn filosofisk kompetanse. Det krevst ein viss grad av ”dobbeltkompetanse”, om det som skjer i dei aktuelle vitkapanane og om det som skjer i samfunnet.

Ein måte å møte denne utfordringa på, kan vere eit opplegg med fellesundervisning, der det er med både ein fagfilosof (med relevant kompetanse også i andre felt) og ein annan fagperson med supplerande kompetanse frå eit anna fag (også med ein viss filosofisk kompetanse).

Dette er arbeidsintensiv undervisning. Men slike opplegg vil vere svært gunstige overfor studentane, også for å synleggjere kva *tverrfagleg samarbeid* kan vere.

Eit avgjerande vilkår for at ex.phil. skal lykkast, er klar institusjonell forankring og gode lærarkrefter. Det krevst nok personell, men det krevst også at lærarkreftene held eit høgt nivå, både fagleg og pedagogisk. Kravet om fagleg kvalitet blir ekstra utfordrande i eit opplegg som omfattar samarbeid med andre fagpersonar, i forhold til andre fag. Derfor er det heilt avgjerande at dei institusjonane som har det faglege ansvar for ex.phil., fører ein målretta og kresen personalpolitikk.

Eit slikt samarbeidsopplegg, med ein slik fagprofil, vil då innebere at den noverande oppdelinga i ex.phil. og ex.fac kan avskaffast, til fordel for eit integrert ex.phil. med eit omfang på 2/3 semester: Eit slikt integrert opplegg vil ta vare på dei verdifulle vitenskapsfilosofiske innslag som i dag er lagt til ex.fac, samtidig som eit slikt opplegg vil gje ein betre læringsprosess for studentane og ein betre synergieffekt mellom dei ulike fagkomponentane. Eit slikt integrert opplegg vil dessutan sikre ein større grad av kompatibilitet mellom ulike institusjonar enn det vi har i dag, med til dels sterkt spesialiserte ex.fac-opplegg, noko som m.a. er uheldig for tverrfaglege program og for mobiliteten mellom ulike fag og fakultet.

Med tanke på å styrke den type danning vi her er ute etter, og som er sterkt tiltrengt, vil eit slikt integrert opplegg på 2/3 semester vere eit klokt tiltak.

Eit slikt integrert opplegg for ex.phil. bør derfor følgjast opp med relevante politiske vedtak på sentralt hald, ved at dette blir lagt til grunn som eit obligatorisk krav for alle studentar ved dei lærestadene som ønskjer å ha eller å få universitetsstatus.